

anmeldt / BOK  
Freddy Fjellheim  
mennesket har korsets form  
sakpoesi  
Cappelen Damm 2009

# Mennesket og krossen

Dette er på fleire måtar ei merkeleg diktsamling, både etter si form og sitt innhald. Stoffet skaper ettertanke og undring, men det er ikkje lett å verta klok på kva forfattaren djupast sett seier eller ønskjer å seia.

Dei fleste dikta er svært korte, mange er berre tre liner, men andre er lengre, og forfattaren definerer det som «sakpoesi». Utgangspunktet for heile boka er at «mennesket har korsets form» når det står oppreist og strekkjer armene ut til sidene. Mennesket har då si form i høgda og i det utstrekke.

Krossen er likevel ikkje avgrensa til mennesket, men er knytta til Kristus. Orda «korset» og «kristus» er dei to omgrepa som definitivt er brukt flest gonger i boka, og som er berande for innhaldet i dikta.

Det kan knapt seiast at dikta gjev uttrykk for kristen tru eller for bibelsk forsoningslære, men tanken vert dregen i retning Kristi kross, og avspeglar ei opning for det guddommelege og for ein åndeleg lengsel. Den litterære kvaliteten er udiskutabel.

Johannes Kleppa